

# Foreldreinfo oktober 2023

FAU/SU/SMU



SU/SMU var den  
19.10. De finn  
referatet [her](#).

Neste FAU møte blir  
den 14.11.23

## Refleks

Det blir mørkare igjen,  
og me minner om  
refleksbruk både for  
store og små som skal  
ferdast i trafikken.

## Lesing

På skulen har me fokus på lesing i alle fag og på alle trinn. Når elevane startar i 1.klasse skal dei læra å avkoda og få meinig ut av bokstavsystemet. Når dei blir eldre og har knukke lesekoden, skiftar fokuset meir over på å lesa for å læra. Altså å tileigna seg fagstoff gjennom lesing.

Heimen spelar ei utruleg viktig rolle i utviklinga av leseferdighet, heilt frå barna er svært små. Universitetet i Stavanger har forska på dette i eit forskningsprosjekt kalla «På sporet». Dei har lagt ut ein fin artikkel om korleis vaksne er rollemodellar når det kjem til lesing, og gjer tips til korleis føresette kan hjelpe i leseutviklinga. De finn denne [her](#).

Me kan i denne samanheng anbefala det fantastiske biblioteket me har i bygda, og dei flinke tilsette der som kan hjelpe å finna gode bøker til alle nivå av lesing. «God bok» som dei sa på 80-talet!

on the mark.com

by Mark Paris

IT'S BEDTIME! DON'T LET  
ME CATCH YOU READING!



Bli sett. Bruk refleks.

skyss



Først vil me takka dykk heime for hjelp og støtte til insamlingsaksjonen vår. Nesten 123 000kr vart samla inn ved hjelp av sponsorar, loddsal, matsal, panting, mm. Det er eit resultat skulen og bygda kan vera stolte av!

8.-10.trinn har gjennomført bli-kjent turar i nærområdet i oktober, denne gong kvar for seg. Me legg opp til felles tur på skidag og ein i barmark når det vårust.

Minner om planleggingsdagen 17.november, elevane har då fri. Ønsker dykk alle gode heim-skulesamtalar i månadsskiftet. Me er best når me spelar på lag!

Mvh

**Svanhild Gjedrem**

rektor